

Bjørn Steinbakk

Øvre Varåsen 50

5200 Os

Lindås kommune v. Sverre Solberg

Hytta: Heltveitvegen 62 G.nr. 234 Br. Nr.41

Det ser ikkje ut til å ta slutt på utfordringane i forhold til salget av hytta. Salget er gjennomført, slik at skjøtet nå står på Jonny Pettersen. Eg må berre prøva å rydda opp i dei tinga som er uklare.

Tomtespørsmålet: Fekk jo eit positivt svar frå Eli Bjørklid, og me ønskjer å få gjennomført makeskiftet slik det var tenkt i 1984.

Vegretten: I samband med makeskifte må det koma fram at hytta har vegrett. Dette var jo ei av føresetnadane for at svigerfar, Harald Rutledal, sa seg viljug til denne vegløysinga.

Klausulen om forkjøpsrett: Har innhenta det aktuelle dokumentet frå 1947, og her kjem det fram at hovudbruket har forkjøpsrett. Har jo ein god dialog med Hans Petter, og eg har sendt han kopi av dokumentet. Han seier at han ikkje kjem til å bruka forkjøpsretten nå, men har fått informasjon av kommunen om at han kan tenkja seg om i ½ år før ham tar endeleg stilling. Er det verkeleg slik? Korleis kan ein då få seld eit slikt objekt? Uansett så har me fine samtalar om saka, og Hans Petter seier at det nok er uaktuelt for han å kjøpa om eit ½ år og. Eg forstår jo at det er viktig å få dette skriftleg, slik at me arbeider vidare med dette. Hans Petter seier han jo må ta omsyn til bruket, men han vil ikkje laga unødvendige problem i saka.

Nå skal eg på ferie, og blir borte fram til 10/8. Svoger min, Olav Amund Rutledal, blir vår kontaktmann i denne perioden. Ta kontakt med han dersom det er spørsmål og ved gjennomføringa av makeskiftet.

Olav Amund Rutledal (56576334 eller 93258045)

Byvegen 445

5210 Os

olav.amund.rutledal@evry.com